

# DET NORSKE TEATRET

PROGRAM 2016 – VÅREN 2016

**MELD DEG PÅ VÅRT NYHEITSBREV**  
og motta gode tilbud og informasjon:

[www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no)

FØLG OSS   

# VELKOMMEN I TEATERET

**Vi har noko for alle!**

Sjå [www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no) for speleplan

**DET NORSKE TEATRET**  
Kristian IVs gate 8, 0164 Oslo







# ETTERLYST: JESUS

Av og med Bjørn Eidsvåg. Regi: Erik Ulfsby.

## KVA FOR EIN JESUS TRENG VI I DAG?

Saman med Svein Tindberg og det faste bandet sitt prøver Bjørn Eidsvåg å finne ut om vi treng Jesus i dag. I så fall kva for ein Jesus?



«Fremragende»

AFTENPOSTEN



«usedvanlig levende»

VG



«Forestillingen er så god at den en gang i tiden kunne blitt forbudt»

DAGSAVISEN



«Det står til troende, men det er langt frå bare for troende»

DAGBLADET

**SPELEPLAN:** November, desember og januar – juni.

**BILLETTAR:** Ord. kr 590/555 | ungdomskort kr 120 | rabattar.

**INNSIKT:** 16. og 30. november, 7. og 15. desember. Med atterhald om endringar.



«Vesentlig, og poetisk»

DAGBLADET




«vakker og vond Fosse»

DAGSAVISEN

«Overbevisende og  
annerledes tolkning  
av Fosse»

AFTENPOSTEN



# DRAUM OM HAUSTEN

Av Jon Fosse. Regi: Trine Wiggen.

## VAKKERT, SÅRT OG TIDLAUST OM KJÆRLEIK OG FAMILIEBAND SOM RYK

I *Draum om hausten* teiknar ein av vår tids største dramatikarar, Jon Fosse, heilt vanlege livsløp og nokre heilt daglegdagse møte mellom menneske. Menneske som står kvarandre nær, eller ein gong har gjort det.

I Fosses karakteristiske og poetiske språk, blir denne historia løfta til ei tidlaus forteljing om korleis kjærleiken utviklar seg.

**SPELEPLAN:** November – desember.

**BILLETTAR:** Ord. kr 420/320 | ungdomskort kr 120 | rabattar.



FAMILIEMUSIKALEN

# PÅFUGLEN

Av Tyra Tønnessen og Jovan Pavlovic. Regi: Tyra Tønnessen.

## EI FRAMSYNING FULL AV SONG, MUSIKK OG FARGAR!

*Påfuglen* er ei humoristisk og musikalsk fengande framsyning som også tematiserer kor vanskeleg det kan vere å skulle leve saman. I dag lever nye kulturar, religionar og folkeslag tett på kvarandre. Framsyninga syner med brodd og humor korleis det å komme nærare kvarandre kan verke både skremmande og tiltrekkande.

Passar for familiar og barn frå 6 år.

**PREMIERE 19. NOVEMBER PÅ HOVUDSCENEN**

**SPELEPLAN:** November, desember og januar.

**BILLETTAR:** Ord. kr 295 | minigruppepris 4 – 19 bill. kr 255 | ungdomskort kr 120 | rabattar.





# KALVØ

Av og med Are Kalvø. Regi: Erik Ulfby.



«en forestilling  
å få med seg» vg



BA



BT

KOMIPRISEN  
FOR BESTE  
SCENE-  
FORESTILLING  
2015

**SPELEPLAN:** November, desember og januar – mars.

**BILLETTAR:** Ord. kr 420 | ungdomskort kr 120 | rabattar.





«full av  
ungdommelig  
friskhet»

DAGSAVISEN



DAGBLADET



Foto: Gisle Bjørneby

# ROMEO OG JULIE

Av William Shakespeare. Regi: Maren E. Bjørseth.

**VERDAS MEST BERØMTE OG TRAGISKE KJÆRLEIKSHISTORIE**

Ei visuell og humoristisk framsyning, med sofistikert housemusikk, discolys, konfetti og maskespel. Og så klart blod – og død.

**SPELEPLAN:** November, desember og mars – mai.

**BILLETTAR:** Ord. kr 350 | ungdomskort kr 120 | rabattar.

# ABRAHAMS BARN

Av og med Svein Tindberg. Regi: Kjetil Bang-Hansen.



«En drivende god forteller» vg

**SETT AV MEIR ENN 100 000!**

Meir enn nokon gong blir det i det offentlege ordskiftet mana til forsoning, forståing og auka kunnskap om ulike levesett, verdiar og religionar.

**SPELEPLAN:** November og januar – mars.

**BILLETTAR:** Ord. kr 420 | ungdomskort kr 120 | rabattar.

# SONGFUGLEN

Av Jan Roar Leikvoll. Dramatisert av Demian Vitanza.  
Regi: Peer Perez Øian.



«En teateropplevelse av de sjeldne»

DAGSAVISEN



«Teater som åpner sansene»

AFTENPOSTEN

**SPELEPLAN:** November, desember og januar – mai.

**BILLETAR:** Ord. kr 350 | ungdomskort kr 120 | rabattar.

**INNSIKT:** 16. desember. Med atterhald om endringar.





# FRIDOMENS VEGAR

Av og regi: Tore Vagn Lid.

## KVA GJER TESTSAMFUNNET MED OSS?

Etter alt å dømme lever vi i den friaste av alle verder, der folk kan ta den vegen dei vil og forandre retning på livet når dei vil. Men for å vere fri, må du bestå testen. *Fridomens vegar* undersøker kva den utstrakte testinga vi blir utsette for i dag gjer med oss.



«nyskapende og utfordrende teater»

DAGSAVISEN



DAGBLADET



«interaktivt, underholdende og foruroligende teater om testsamfunnets mange skyggesider»

AFTENPOSTEN

**SPELEPLAN:** November, desember og januar.

**BILLETTAR:** Ord. kr 350 | ungdomskort kr 120 | rabattar.

# FUGLETRIBUNALET

Av Agnes Ravatn.

Dramatisert av Ingrid Weme Nilsen.

Regi: Marit Moum Aune.



«helt klart et 'må-se' for  
alle teaterinteresserte» vg



**SISTE GONGER:** 23., 25. november og 1. desember.

**BILLETTAR:** Ord. kr 350 | ungdomskort kr 120 | rabattar.



# JØRGENSEN OG MOE

Av Ingrid Jørgensen Dragland og Lasse Kolsrud basert på dikt av Ingvar Moe.  
Produsert av Haugesund Teater i samarbeid med Det Norske Teatret.

**EI PITTELITT JAZZA HELSING  
TIL INGVAR MOE**



**SPELEPLAN:** 15. og 17. november.

**BILLETTAR:** Ord. kr 200 | ungdomskort kr 120 | rabattar.

# DRAUM OM VÅREN

Av Trine Falch. Etter ein ide av og regi: Trine Falch og Ingvild Holm.



**SPELEPLAN:** November og desember.

**BILLETTAR:** Ord. kr 270  
ungdomskort kr 120 | rabattar.



«Hysterisk morsomt tegneteater  
som lodder dypt» AFTENPOSTEN

# INKOGNITO

Av Nick Payne. Regi: Peer Perez Øian.

KAN HJERNEN FORTELJE  
OSS KVEN VI ER?

«Et utstillingsvindu for  
skuespillerkunst» AFTENPOSTEN

«en rørende og til tider morsom  
forestilling» DAGSAVISEN



**SPELEPLAN:** November og desember.

**BILLETTAR:** Ord. kr 270 | ungdomskort kr 120 | rabattar.

**INNSIKT:** 29. november, 8. og 20. desember. Med atterhald om endringar.



# FARVEL TIL EDDY BELLEGUELE

Av Édouard Louis. Regi: Kjersti Horn.  
Med Emil Johnsen.

EI STERK SKILDRING  
AV Å VEKSE OPP I  
EUROPA I DAG



DAGBLADET

Gjestespel på Det Norske Teatret: 10. og 11. desember.

**BILLETTAR:** Ord. kr 270 | ungdomskort kr 120 | rabattar.

# HAUGTUSSA

Av Arne Garborg. Omarbeidd av Ane Dahl Torp.  
Regi: Ane Dahl Torp og Erik Ulfsby.

## INTENST OG LYRISK OM KJÆRLEIK OG LENGT

Ane Dahl Torp har klipt og limt i Arne Garborgs *Haugtussa*. Ektemann og komponist Sjur Miljeteig har laga ny musikk til. Resultatet er eit musikalsk forteljarteater som flørtar med mørkret frå rockescenen.



«Poetisk og rå»

VG

**SPELEPLAN:** 18. november, 3. desember og i 2017.

**BILLETTAR:** Ord. 270 | ungdomskort kr 120 | rabattar.



# DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN NATTA

Av Mark Haddon. Regi: Trine Wiggen.

«Dette er teater du bør få sett» DAGBLADET

Mark Haddons bestseljar-roman frå 2003 er blitt til gripande teater. Dette er ei vakker historie om ein gut som er annleis, men som har kjensler og draumar som alle andre.



**SPELEPLAN:** November, desember og januar – mai.

**BILLETTAR:** Ord. kr 270 | ungdomskort kr 120 | rabattar.



# LØVE RESTAURANT OG BAR



Frå lunsj til sein kveld finn du ein stor og variert meny med smørbrød, fransk brasseri og á la carté. Du kan også bestille drikke til pausen i framsyningane.

**Bordbestilling:** kontakt oss på **22 47 39 70** eller **kafelove.no**



# KAN NOKON GRIPE INN

Tekst og musikk: Stein Torleif Bjella. Manus og regi: Lasse Kolsrud.

Ein samproduksjon med Riksteatret.

## STEIN TORLEIF BJELLAS KARAKTERAR OG MUSIKK ER GRUNNLAGET FOR FRAMSYNINGA

Vi er på ein stasjon ein stad på bygda. Dei fleste tog dundrar forbi, men det er framleis liv i stasjonsbygninga som har sett sine beste dagar. Hit kjem dei som vil reise vekk, som vil sleppe frå, som lengtar etter at kjærasten skal kome, som søker kontakt – eller som berre vil at nokon skal gripe inn.

**URPREMIERE 14. JANUAR PÅ HOVUDSCENEN**

**SPELEPLAN:** Januar – april.

**BILLETTAR:** Ord. kr 590/555 | ungdomskort kr 120 | rabattar.



LEO A

# EDDA

I ein versjon av Jon Fosse. Regi: Robert Wilson.  
Ein samproduksjon med Aarhus Teater.

## ROBERT WILSON ER TILBAKE PÅ DET NORSKE TEATRET

Den verdskjende amerikanske regissøren, med sin særeigne bildefantasi, har fått i oppdrag å sette sin karakteristiske signatur på den norrøne mytologien.

Wilsons signatur er først og fremst visuell. Teksten til framsyninga er utdrag frå Jon Fosses teaterversjon av gudedikta som blei skrivne ned på Island ein gong på 1200-talet. Samtidskomponisten Arvo Pärt vil sette sitt musikalske preg på noko vi trur blir ei visuell, poetisk og musikalsk oppleving av dei sjeldne.

### URPREMIERE 4. MARS PÅ HOVUDSCENEN

**SPELEPLAN:** Mars – april.

**BILLETTAR:** Ord. kr 480 /380 | ungdomskort kr 120 | rabattar.





# 11 ÅR

Av og regi: Goksøyr & Martens.

Prosjektet er utvikla ved Dramatikkens Hus.

## EI HISTORIE OM KJÆRLEIK, EINSEMD OG FORSKYVING AV ANSVAR

Ein ung lærar opplever at ein av elevane, ei elleve år gamal jente, blir utsett for ei skjebnesvanger hending. No skal læraren møte foreldra og rektoren ved skolen. I veska har ho noko ho har gløymd å fortelje om.

Framsyninga fortel ikkje historia om eitt barn, men er basert på intervju med fleire foreldre, barn, tilsette i skolen og forskarar. Publikum blir plasserte på 4 meter høge stillas. Herifrå kan dei kikke ned i ein skolegard. Ved hjelp av øyretelefonar kan publikum samstundes følgje dialogen i eitt av klasseromma på skolen.

### URPREMIERE 23. MAI PÅ HOVUDSCENEN

**SPELEPLAN:** Mai – juni.

**BILLETTAR:** Ord. kr 380 | ungdomskort kr 120 | rabattar.

# RØFF

Av Samuel Beckett. Regi: Bjørn Sundquist.

## BJØRN SUNDQUIST FORNYAR BECKETT-TRADISJONEN PÅ DET NORSKE TEATRET

Dei siste par åra har han sett opp både *Mens vi ventar på Godot* og *Krapps siste spole*, no går han vidare med nokre av Becketts kortare dramatiske verk.

**PREMIERE 21. JANUAR PÅ SCENE 2**

**SPELEPLAN:** Januar – mars.

**BILLETTAR:** Ord. kr 350 | ungdomskort kr 120 | rabattar.



# OVERFØRING

Av og regi: Tyra Tønnessen.

Ein samproduksjon med Nationaltheatret.

## PSYKOTERAPIENS BANEKRYTARAR

Kva er egentleg psykoterapi?

Korleis påverkar det pasientane?

Kva med terapeuten sjølv?

Og korleis har den terapeutiske tenkemåten påverka Noreg dei siste femti åra?

**URPREMIERE 18. FEBRUAR PÅ SCENE 2**

**SPELEPLAN:** Februar – mai.

**BILLETTAR:** Ord. kr 420 | ungdomskort kr 120 | rabattar.



# SOM LAUVET I VALLOMBROSA

Av Lars Norén. Regi: Alan Lucien Øyen.


## KOMISK OM DET TRAGISKE VED Å LEVE

Lars Norén reknast som ein meister i å skildre den dysfunksjonelle familien. I *Som lauvet i Vallombrosa* iakttar han samtida med humoristisk svartsyn.

**PREMIERE 25. MARS PÅ SCENE 2**

**SPELEPLAN:** Mars – juni.

**BILLETTAR:** Ord. kr 350 | ungdomskort kr 120 | rabattar.




# DRAKE ZOO

i samarbeid med Dieserud/Lindgren. Idé, konsept og regi: Christina Lindgren.

## KORLEIS RØRER EIN DRAKE SEG? KVA FOR LYDAR LAGAR HAN?

Dieserud/Lindgren sitt prosjekt er spesielt retta mot dei aller yngste frå 0 – 3 år, og inviterer dei til å bli nærare kjent med drakar. Her er ein jungel av planter, røyk og lydar. Og tre drakar!

### URPREMIERE 6. APRIL PÅ SCENE 2



**SPELEPLAN:** April – mai.

**BILLETTAR:** Ord. kr 130 | ungdomskort kr 120 | rabattar.

# SCENE 3

## STORE OPPLEVINGAR I EIT LITE ROM

**JAKOB OG NEIKOB** av Kari Stai.

Dramatisering og regi: Paul-Ottar Haga. Premiere 13. januar.

Jakob seier alltid ja til alt, Neikob seier alltid nei. Men Tjuven bryr seg ikkje om kva noko av dei meiner, han gjer berre som han sjølv vil. Passar for barn frå 3 år.

**SPELEPLAN:** Januar – mars.

**DET ER ALES** basert på Jon Fosses roman. Dramatisert av Maria Sand.

Regi: Gianluca Lumiento. Noregspremiere 28. januar.

*Det er Ales* skildrar fleire generasjonar i ei slekt ved fjorden, og stiller dei store spørsmåla om kva som gjer livet mogleg å leve, og korleis vi menneske bearbeidar traume på tvers av og uavhengig av tid.

**SPELEPLAN:** Januar – mars.

**ÅSTADDIKTING** av Erik Fauske. I samarbeid med Dramatikkens hus.

Regi: Kai Johnsen. Urpremiere 25. februar.

Eirik Fauske har gjennom stykket *åstaddikting* tematisert ei rad menneskelagnader som i eit utvida augeblikk kjem eller ikkje kjem i berøring med ei stor ulykke. Ei framsyning om vanlege menneske i augeblikk som kanskje endrar retninga på livet deira.

**SPELEPLAN:** Februar – april.



## **SJU DAGAR I AUGUST** av Brit Bildøen.

Regi: Morten Borgersen. Urvremiere 1. april.

I løpet av ei veke i august opplever Sofie og Otto fleire små ulykker. Kvar for seg er dei ikkje så alvorlege, men dei viser korleis livet er i ferd med å slå sprekker; både i heimen, på arbeidsplassen og i vennekretsen. Er alt i ferd med å falle frå kvarandre eller er det berre eit uttrykk for at ei større livskatastrofe ikkje er skikkeleg gjennomlevd?

**SPELEPLAN:** April – juni.

**BILLETTAR SCENE 3:** Ord. kr 270 | ungdomskort kr 120 | rabattar.

# KJØP

## **SCENE 3-PAKKA!**

Kjøp billett til 3 ulike Scene 3 framsyningar og betal berre kr 150 per billett!  
Ordinær pris kr 270.

For meir info og speleplan: [detnorsketeatret.no](https://detnorsketeatret.no)

# OPPLEV MEIR:

**INNSIKT:** Vi tilbyr eit breitt sideprogram for deg som er interessert i bakgrunnstoff og utdjuving i sesongens repertoar. Programmet er gratis og du treng ikkje billett.

**BIKUBEKVELD:** Kvar fredag kl. 22.30 inviterer vi til musikalsk kveld i Bikuben.

**OMVISING:** Er du nysgjerrig på korleis Noregs største og mest moderne teaterhus ser ut frå innsida? Vi har populære omvisingar der du får oppleve ein travel og spennande teaterkvardag.

**ARRANGEMENT OG SELSKAP:** Vi ønskjer velkommen til flotte lokale i Oslo sentrum. Med store foajéområde er teatret godt eigna for alle typar arrangement, som til dømes; konferanse, VIP-middag, julebord og jubileum. Ta kontakt for meir informasjon: [kirsti.ervik@detnorsketeatret.no](mailto:kirsti.ervik@detnorsketeatret.no)


**SKOLEKONTAKT:** Som lærar kan du bli teaterkontakt for skole! Da får du informasjon om skoletilbod og -aktivitetar, og invitasjon til prøvefram syningar på e-post. Ta kontakt for meir informasjon: [skole@detnorsketeatret.no](mailto:skole@detnorsketeatret.no)

**VENNER AV DET NORSKE TEATRET:** Vennelaget har som føremål å fremje interessa for Det Norske Teatret. Som medlem får du m. a. rabatt på teaterbillettar og informasjon om det som skjer på teatret.

For meir info: [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no) / 22 42 43 44

**DINE BØNER ER HØYRDE  
– MUSIKALSUKSESEN KJEM TIL NOREG!**

**THE BOOK OF  
MORMON**



FRÅ SKAPARANE AV  
**SOUTH PARK**

**«THE BEST  
MUSICAL  
OF THIS CENTURY»**  
THE NEW YORK TIMES

Ein overraskande og satirisk musikal om religion, som har sprengt alle grenser for kva ein kan tulle med – og komme unna med. Av Trey Parker, Robert Lopez og Matt Stone.  
Regi: Vidar Magnussen.

**NOREGSPREMIERE 2. SEPTEMBER PÅ HOVUDSCENEN**

**SPELEPLAN:** Sjå [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no)

**BILLETTAR:** Ord. kr 630/555 | ungdomskort kr 120 | rabattar.



# BILLETTBESTILLING

[www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no) / 22 42 43 44

**BILLETTLUKA:** Mån. kl. 11 – 17, tys. – fre. kl. 11 – 19.30, laur. kl. 11 – 17.30. Søn. to timar før framsyning. Telefontid: mån. – fre. frå kl. 10, laur. frå kl. 11, søn. to timar før framsyning.

**FAMILIEFRAMSYNINGAR:** Same billettpris for barn og vaksne. Minigruppepris ved samla kjøp av 4–19 billetter, og grupperabatt ved 20 billetter eller fleire.

**GRUPPERABATT:** Grupperabatt gjeld ved samla kjøp av 20 billetter eller fleire. Rabatten er om lag 20% og gjeld ordinære framsyningar. For bestilling: [gruppe@detnorsketeatret.no](mailto:gruppe@detnorsketeatret.no)

**PAKKER:** Kjøp billett til tre ulike framsyningar samtidig og spar pengar:

**Matineprogram:** Betal kr 230 per billett, totalt kr 690.

**Scene 3:** Betal kr 150 per billett, totalt kr 450.

**UNGDOMSKORTET:** Er du mellom 15 og 25 år, kan du med Ungdomskortet kjøpe billetter til kr 120.

# **GI EI GÅVE INGEN HAR FRÅ FØR**

**– ei teateroppleveling!**

Eit teatergåvekort er gyldig i 2 år frå kjøpsdato, og blir lagt i eit gåveomslag der du og kan skrive inn ei personleg helsing.

For bestilling: [detnorsketeatret.no](http://detnorsketeatret.no) / 22 42 43 44

# BILLETTBESTILLING


[www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no) / 22 42 43 44

## TEATERPODDEN

– podcast frå Det Norske Teatret

Her kjem du til å få alt frå reportasjar frå kulissane, den faste fredagssamtalen med regissørar og skodespelarar og introduksjon til dei ulike framsyningane.

Du finn podcasten ved å søkje på Det Norske Teatret på [Soundcloud.com](https://www.soundcloud.com) eller i iTunes.



**DET  
NORSKE  
TEATRET**